

## UKEVÆRET

Torsdag: Snø. Lett bris. - 4°. Fredag: Klarvær. Snø. Lett bris. - 4°. Lørdag: Snø. Læber bris. - 7°. Søndag: Skyet. Svak vind. - 12°. Mandag: Skyet. Svak vind. - 12°. Tirsdag: Skyet. Svak vind. - 13°. Onsdag: Skyet. Svak vind. - 12°. (Kilde: yr.no)

[www.aasavis.no](http://www.aasavis.no)

## REFERAT

### Årsmøte i HLF Ytre Follo

HLF Ytre Follo hadde årsmøte i Ås menighetshus 9. februar. Nestleiar Jakob Apeland opna møtet, med helsing frå leiar, som var sjuk. Møtet konstituerte seg med Steinar Antonsen som ordstyrar og Hallvard Berre som førar av protokoll. Styret la fram ei fyldig årsmelding, som viste at det hadde vore stor og god aktivitet i laget med sju samkomer, inklusive tur til operaen og hagefest hos Jakob. Laget er etablert med eiga gruppe på Facebook og er registrert i Frivillighetsregistret med grasrotandel i Lotto. Laget har fire Lydøre for utlån til barnehagar og andre. Leiar og nestleiar har hatt møte med kommuneleiiing, mellom anna ordførar i Nesodden, og drøfta ymse tiltak for å lette livet til tunghørde. Nesodden hørselslag er no innlema i HLF Ytre Follo, og laget har meir enn fem hundre medlemmer. Årsmøte godkjende årsmeldinga, rekneskap for 2009 og årsplan og budsjett for 2010. Det er sett opp ein fyldig og ambisiøs årsplan med mellom anna sju medlemsmøte, hygge-kaffe, jubileumstur og kurs. Det var val av styre, kjøkenkomitear og av utsendingar til Årsmøte for fylkeslaget. Likemennene Adriana, Eva, Lilly og Sylvie, og sjåføren Rolf vart alle takka for god innsats; med ei flaske vin. Mot slutten av møtet baud kjø-



**STYRET I HLF YTRE FOLLO:** Frå venstre: Steinar Antonsen (sekretær), Sylvie Simonsen (kassarar), Eva Bliksvær, Jakob Apeland (nestleiar), Grethe Eltoft Molina og Lilly Selberg. Leiar: Irene Svennevik og Vera Torvund var ikkje tilstades når biletet vart teke.

kenkomiteen i Ås på lys lapskaus, eplekake med krem som dessert og kaffe. Jakob og Steinar las opp dikt og morostubar og orienterte om vidare utbygging av HLF Briskeby i Lier. Det er ambisiøse planer, og utvikling og utbygging vil koste mykje pengar. Ein vonar koma i gang i år. Til slutt var det utlodning med mange og fine vinstar. Neste samling er medlemsmøte på Ekelund, Nesodden 23. februar klokka 18.00. Vel møtt der og da!

Magne Østerås.



**BRITT LØWING** har tatt dette bildet fra kjøkken vinduet sitt. – De to rådyrbukkene kommer og spiser brød og epler som vi skjærer opp hver dag. Det er så koselig å stå å se på dyra her fra vinduet, synes hun.

## ÅS I GAMLE DAGER



**UTLÅNT FRA ÅS KOMMUNES LOKALHISTORISKE ARKIV, 0214-034-000, ÅRSTALL: 1939.** Ett foto av Aasheim bensinstasjon fra 1939, med baker Johansen på sykkel i forgrunnen. Stasjonen lå syd for Drøbakveien. Det vil si vis å vis veien for den som kom senere.

## FIRE I FARTA

**- Hva skal du gjøre i vinterferien?**



**Brooke Peterschmidt:**

– Jeg skal i alle fall gå mye på ski, ellers har jeg ingen planer.



**Charlotte Schulze-Marmeling:**

– Denne vinteren har jeg gått på ski for første gang. Jeg er utvekslingsstudent fra Tyskland. I vinterferien vil jeg gå mye på ski.



**Kristine Magnus:**

– Fordi jeg er gravid i 38. uke, skal jeg vente på barnet mitt som kommer snart.



**Lars Tore Ruud:**

– Jeg skal til Paris og besøke kjæresten min.